Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

DC HALSVIK AGGREGATES AS
Sløvågen 1
5960 Dalsøyra

Leikanger, 29.11.2017

Dykkar ref.:
Egil Kvingedal

Vår ref.(oppgi ved svar):
11/394 – 2017.078.I.FMSF
Sakshandsamar:
Gøsta Hagenlund

# Rapport etter inspeksjon ved DC Halsvik Aggregates, Sløvåg

**Kontaktpersonar ved inspeksjonen:**

*Frå verksemda:*
Egil Kvingedal

*Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:*
Gøsta Hagenlund

*Andre deltakarar frå verksemda:*
Knut Moe
Ann Iren Unneland
Patrick Jefford
Torbjørn Wergeland
Harald Midtbø

## Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved DC Halsvik Aggregates, Sløvåg den 07.11.2017. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avdekka 4 avvik og ga 4 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda har overutslepp av steinstøv til vatn
- Verksemda har ikkje godkjenning til deponi for mineralavfall
- Oppsamlingseiningar for farleg avfall er ikkje merkt. Lager må reingjerast
- Dokumentasjonen på internkontroll som gjelder det ytre miljøet må oppdaterast

Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 1 og vurderer å følgje opp med ny kontroll neste år.

Merknader:

- Verksemda har ikkje dokumentert at måling av nedfallsstøv er utført etter Norsk Standard. Prøvepunkt er ikkje sett opp hos mest utsette nabo
- Måling og utrekning av støy er ikkje gjennomført i samsvar med vilkår 5.1. i løyvet
- Fylkesmannen meiner det er tvil om oppbygging, oppfølgjing og drift av reinseanlegga er tilstrekkelege til å hindre overutslepp av støv til vatn
- Verksemda har svært stort opent produksjonsareal

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Merk også at vi under kap. 4 i rapporten varslar om pålegg om å gjennomføre gransking av resipienten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

**Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift**

| | | |
|---|---|---|
| 29.11.2017 | Gøsta Hagenlund | Dagny Alvik |
| dato | kontrollør | fagdirektør |

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Gulen kommune

# 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

**Ansvarleg eining**

| | |
|---|---|
| **Namn:** DC HALSVIK AGGREGATES AS | |
| **Organisasjonsnr.**: 977217067 | **Eigd av:** 977213630 |
| **Bransjenr. (NACE-kode):** 08.120 - Utvinning fra grus- og sandtak, og utvinning av leire og kaolin | |

**Kontrollert eining**

| | |
|---|---|
| **Namn:** DC Halsvik Aggregates, Sløvåg | **Anleggsnr.:** 1411.0005.01 |
| **Kommune:** Gulen | **Fylke:** Sogn og Fjordane |
| **Anleggsaktivitet:** Mineralsk industri, unntatt pukkverk | |
| **Løyve gitt:** 17. juni 1994 | **Sist endra:** 19. oktober 2017 |

Verksemda har nyleg fått ny eigar. Mykje av dokumentasjonen på tiltak mot uønskte hendingar som gjeld ytre miljø har ikkje vore tilgjengeleg for nye eigarar. Ved dette tilsynet vart det påvist forhold som også vart påvist ved førre tilsyn. Fylkesmannen ser alvorleg på manglane, men meiner ny eigar viser forståing og vilje til å ta tak i utfordringane. Vi meiner det difor er rett å ikkje bruke forvaltingsverktyet tvangsmulkt denne gongen.

# 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i ureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

**Inspeksjonstema**

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Sediment og grunnureining
- Avfall

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

**Definisjonar**

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og

kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

# 3. Oppfølging etter inspeksjonen

DC Halsvik Aggregates, Sløvåg pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at DC Halsvik Aggregates, Sløvåg innan 31. januar 2018 sender ei skriftleg utgreiing (handlingsplan) som omtalar korleis de vil følgje opp ytre miljø – forhold i verksemda etter våre funn. Handlingsplanen bør omtale både forhold som de meiner er retta opp, og planlagde tiltak med framlegg til dato for gjennomføring.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmsfpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Gøsta Hagenlund.

# 4. Varsel om pålegg om granskingar

Fylkesmannen varslar at vi med heimel i § 51 i ureiningslova vil påleggje DC Halsvik Aggregates å dokumentere korleis resipienten har utvikla seg sidan førre gransking. Vi meiner gransking kan vere gjennomført og rapport sendt til Fylkesmannen innan 1.11.2018. Verksemda bør difor avtale omfang og tid med uavhengig, kompetent firma innan 30.4 2018.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane saman med tilsvar og anna oppfølging til denne rapporten.

# 5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 7. november 2017.  Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder utan løyve etter ureiningslova er fastsette i ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må  DC Halsvik Aggregates, Sløvåg betale eit gebyr på kr 19 400,- for inspeksjonen, jf. ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til ureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

**Klagerett**
Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

# 6. Offentligheit i forvaltninga
Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (jf. offentleglova).

# 7. Avvik
Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

**Avvik 1. Verksemda har overutslepp av steinstøv til vatn**

**Avvik frå:**
Vilkår 3 i utsleppsløyvet

**Kommentarar:**
1. Verksemda har manglande oversikt over utslepp av støv til vatn
Verksemda har ikkje oversikt over konsentrasjon av støv i utsleppspunkt II i vilkår 3.2 i løyvet.
**Fylkesmannen ser alvorleg på forholdet.**

2. Verksemda har gitt urette opplysningar til Fylkesmannen om arbeidet med utslepp frå utsleppspunkt II
Verksemda har orientert Fylkesmannen om at utslepp frå punkt II skulle sanerast og samlast med punkt I. Arbeidet stoppa opp på grunn av funn av kabel i grunnen. Kopling av avløpsrøyra kunne likevel ha skjedd annan stad, men er framleis ikkje gjennomført.
**Fylkesmannen ser alvorleg på forholdet.**

3. Verksemda fortynner utslepp frå utsleppspunkt II før måling av konsentrasjon av støv frå punkt II
Frå siste sedimenteringsbasseng vert overskotsvatn pumpa til sjølvfallsleidning og vidare til sjø. Frå område aust for anlegget er det ført overvassleidning frå vassig utanfor prosessområdet i grunnen fram til starten på sjølvfallsleidninga. Leidninga fører reint vatn som blandar seg med avløpsvatnet før prøvepunktet ved utløp til sjø. Konsentrasjonane av SS vert dermed underestimert dersom det vert målt når det renn reint vatn i overvassleidninga

4. Utsleppa fører til nedslamming (sedimentering) av steinstøv i resipienten

Resipientgranskinga viste at det har skjedd nedslamming (sedimentering) av steinstøv i sjøresipienten. Det var også mykje produksjonsstein nær utskipingsområdet. Nedslamminga er i strid med vilkår 3.2 i utsleppsløyvet.
På kontrolldagen var det kraftig visuell støving i resipienten. Med tilvising til måling av overutslepp, med funn av fortynning av utslepp og påvising av manglande målingar, er det grunn til å konkludere med at nedslamminga held fram.
**Fylkesmannen ser alvorleg på forholdet.**

5. Verksemda tek berre stikkprøvar av utslepp av suspendert stoff
I vilkår 3.2 er det føresett at det vert teke eit tal delprøver over minst 1 time. Vilkåret opnar rett nok for alternativ prøvetaking med stikkprøve, men då må verksemda rekne om måleresultatet etter tabell 2 i vilkår 3.2, eller finne stadleg, relevant omrekningsfaktor ved eigne forsøk.

6. Verksemda kan ikkje dokumentere at prøvetaking er representative for normalt maksimale konsentrasjonar i utsleppsvatnet
Verksemda tek månadlege stikkprøver frå utsleppspunkt I og II. Prøvetakinga er ikkje lagt opp slik at det vert teke prøvar like før det er behov for tømming av sedimentasjonsbassenga.

Verksemda har ikkje målt om utsleppa kan føre med seg andre utsleppskomponentar enn støv og som kan ha ein negativ verknad i resipienten, jf. omtale i vilkår 3.3. Vi ber om å få tilsendt oppdatert måle- og utrekningsprogram.

Informasjon
Verksemda har løyve til tre punktutslepp til sjø. Utsleppspunkt II ligg under kai og er vanskeleg å måle. Verksemda opplyser at sidan førre resipientgransking er praksis med å tømme transportband ved avkast over sjø stoppa. Den varsla resipientgranskinga neste år (jf. kap. 4 i denne rapporten) vil også bidra til å dokumentere tilstand og utvikling av tilstand ved kaiområdet.

**Avvik 2. Verksemda har ikkje godkjenning til deponi for mineralavfall**

**Avvik frå:**
Utsleppsløyvet vilkår 7.2

**Kommentarar:**
Verksemda har deponi av mineralavfall i ytterkant av produksjonsarealet i sør og i ytterkant av uttaksområdet i nord. Verksemda har ikkje dokumentasjon for at deponia ikkje er risikoanlegg, og dei manglar avfallshandteringsplan. Deponi og handteringsplan er ikkje godkjent av Fylkesmannen.

Informasjon
Då verksemda er regulert gjennom utsleppskonsesjon etter ureiningsregelverket, gjeld ikkje dei sjølvberande reglane i kap. 30 i ureiningsforskrifta. Dersom verksemda lagrar mineralavfall (jf. omtale i avfallsforskrifta kap. 17) i lenger tid enn som nemnd i § 17-3 bokstav h i dette kapittelet, må verksemda ha løyve. Løyvet vert gitt i samsvar med rammene i del II til kap. 17, og vil vere ein integrert del av utsleppskonsejonen.

**Avvik 3. Oppsamlingseiningar for farleg avfall er ikkje merkt. Lager må reingjerast**

**Avvik frå:**
Avfallsforskrifta § 11-5 og 11-12

**Kommentarar:**
Behaldar / container for farleg avfall skal vere merkt med innhald. Seinast når avfallet forlet anlegget skal det også vere merkt med avfallsdeklarasjonsnummer.

Tank for spillolje er ikkje merkt. Forholdet var også omtalt på førre tilsyn og Fylkesmannen ser alvorleg på at forholdet ikkje er retta.

Behaldar for oljeureina masse som står ved spilloljetanken er ikkje merkt.

Botn i container for farleg avfall er full av vatn. Sikring mot søl ved dobbel botn er dermed ikkje i funksjon. Verksemda må vurdere (få analysert) og vatnet må klassifiserast som farleg eller ordinært avfall, og sikre at botn til vanleg er tørr.

Botn i oppsamlingsarrangementet for kjemikal er full av vatn, og gav visuelt inntrykk av at var ureina med olje. Botn skal til vanleg vere tørr. Verksemda må få analysert innhald, eller få levert vatnet som flytande farleg avfall.

**Avvik 4. Dokumentasjonen på internkontroll som gjelder det ytre miljøet må oppdaterast**

**Avvik frå:**
Internkontrollforskrifta § 5 og vilkår 2.2. i utsleppsløyvet

**Kommentarar:**
Verksemda må oppdatere mykje av styringsdokumenta som gjeld sikring mot uønskte hendingar når det gjeld ytre miljø. Dette gjeld både risikovurdering og -analyse, arbeidet med konkrete mål, sikring av at vilkår i løyvet vert stetta til ei kvar tid, avviksmeldingar når det gjeld ytre miljø og oppfølging av løyvet, ureiningsregelverket og repeterande krav etter internkontrollforskrifta.

<u>Informasjon</u>
Verksemda kunne vise til god intern oppfølging av meldte avvik.

# 8. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

**Merknad 1**

Verksemda har ikkje dokumentert at måling av nedfallsstøv er utført etter Norsk Standard. Prøvepunkt er ikkje sett opp hos mest utsette nabo

**Kommentarar:**
Vist resultat frå støvmåling omtalar at måling er gjennomført i Storbritannia med det laboratoriet omtalar som "Analysis undertaken in accordance with in house method". Etter vilkår 4.3 i utsleppsløyvet skal støvnedfallsmåling målast etter Norsk Standard, der det finst. For måling av nedfallsstøv skal difor verksemda ha gjennomført måling etter NS 4852.

Verksemda må anten dokumentere at målingane er av tilsvarande art og minst same kvalitet som målingar etter NS 4852, eller avklare *på førehand* med Fylkesmannen om annan metode kan nyttast.

Vi kan heller ikkje sjå at verksemda sine prøvepunkt er plassert på relevant stad. Med måling på naboeigedom meiner ein same stad som måle-/utrekningspunkt for støy (jf. vilkår 5.1). Dette er ikkje til hinder for at også verksemda måler støvnedfall nærare eigen aktivitet, set eigne akseptkriteriar for dette og handlar for å stette sine akseptkriteriar. Dette må gå fram av internkontrollen.

Merk! Dersom dykkar resultat er samanliknbare med NS 4852 over ein periode på 30 dagar, kan det sjå ut som at støvnedfall på valde prøvestader til dels ligg langt over grenseverdi sett i løyvet. Merk likevel at desse grensene gjeld for "støvfølsam" nabo. Dersom verksemda set akseptgrenser også for andre stader, må dette gå fram av den dokumenterte internkontrollen.

**Merknad 2**
Måling og utrekning av støy er ikkje gjennomført i samsvar med vilkår 5.1. i løyvet

**Kommentarar:**
Verksemda har målingar av støy som ser ut å gjelde for arbeidsmiljøstøy. Måling og utrekning var ikkje dokumentert at er gjennomført i samsvar med vilkår 5.1 i løyvet. Løyvet set krav om maksimale immisjonsverdiar hos mest utsett nabo utrekna i samsvar med anerkjent metode for industristøy (NB! mest støyande døgn).

Verksemda har ikkje støysonekart utrekna som industristøy for mest utsett døgn.

**Merknad 3**
Fylkesmannen meiner det er tvil om oppbygging, oppfølgjing og drift av reinseanlegga er tilstrekkelege til å hindre overutslepp av støv til vatn

**Kommentarar:**
Vi ber om at verksemda sender ei nærare vurdering av og omtale av korleis verksemda driftar reinseanlegga. Vi ber om at verksemda vurderer om oppbygging og drift av reinseanlegga er tilstrekkelege til at krava i løyvet om utslepp av prosessavløpsvatn kan stettast. Vurderinga må m.a. omfatte volumstraumar, om det er behov for større sedimentasjonsbasseng og om bassenga bør ha annan tømmefrekvens.

Det synest sannsynleggjort at konsentrasjon av SS i avløpsvatnet til tider er uakseptabelt stort. Vi er likevel noko usikre på om dette i hovudsak kan skuldast utforming og oppbygging av reinseanlegga, eller om det er utfordringar med drifta – eller kan hende ein kombinasjon? Verksemda har også vurdert om dei skal setje i verk reinsing med flokkuleringsmiddel. Fylkesmannen har gitt innspel til prosess for eventuell godkjenning, og ventar på nærare dokumentasjon frå verksemda.

**Merknad 4**
Verksemda har svært stort opent produksjonsareal

**Kommentarar:**
Arealet gir opphav til diffus avrenning av steinstøv til vatn og oppvirvling / spreiing av diffust støv til luft. Vi ber verksemda vurdere nærare kva som kan eller bør gjerast for å

- redusere opent areal som det kan støve / renne støv frå
- redusere faren for diffus avrenning av støv til vatn
- redusere drift av areal det støvar frå

Vi tillet oss å stille spørsmål om delar av arealet bør dekkast med fast dekke?

# 9. Andre forhold

Verksemda har søkt om endra utsleppsløyve for å kunne nytte flokkuleringskjemikal. Vi har ikkje tatt stilling til søknaden, men har bedt om nokre fleire opplysningar. Verksemda har også behov for oppdatert løyve, jf. omtalen under avvik 2.

# 10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter ureiningslova frå Fylkesmannen 18.10.1996 med siste endring 19.10.2017

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Måleresultat nedfallsstøv
- Måleresultat arbeidsmiljøstøy
- Måleresultat enkeltmålingar SS i avløpsvatn

# 11. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova)
  Merk! orientering om og gjennomgang av opplysningar om og eventuelle tiltak mot framande, skadelege planteartar
- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)